

KONFIRMANT

Bømlo 2027

Velkommen til informasjonsmøte



Konfirmasjon i kyrkja handlar om å utforska kristen tru og dei store spørsmåla i livet. Du er velkommen til konfirmasjon i kyrkja uansett om du trur, tviler eller berre er nysgjerrig. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Me snakkar om livet - på godt og vondt.

Aktivitetar i konfirmantåret

I løpet av konfirmantåret er du med på konfirmantleir, gudstenester, undervisning, fasteaksjon og nokre samlingar for både konfirmantar og foreldre. Detaljert årsplan vert utdelt ved oppstart av konfirmantåret i august.

Bli med på ei spanande reise fram til konfirmasjonsdagen våren 2027!

Er du ikkje døypt?

Du er velkommen til å vera med i konfirmanttida sjølv om du ikkje er døypt. For å bli konfirmert må du vera døypt. Kvart år blir fleire konfirmantar døypt hos oss. Ta kontakt med oss, så finn me ein fin måte å gjennomføra dåpen.

Konfirmantavgift: kr. 2000,-

Dette dekkjer ulike aktivitetar, utgifter ved innkjøp av konfirmantmateriell og stell av konfirmantkappene.

Me ynskjer ikkje at prisen skal vera avgjerande for om du vel å vera konfirmant eller ikkje. Det kan søkjast om støtte til konfirmantavgifta eller beløpet kan delast i to. Ta kontakt med kyrkjekontoret.

Behov for tilrettelagt konfirmantundervisning?

Dersom du har behov for det, ordnar me tilrettelagde løysingar for konfirmantundervisninga. Det er viktig at me får beskjed i god tid, då kan me lage eit best mogleg opplegg. Send oss ein e-post, eller ta kontakt på telefon. Me kan gjerne avtala eit tidspunkt for ein prat, slik at me kan leggja til rette best mogleg.

Informasjonsmøte

Me ønskjer ungdom og foreldre/føresette velkommen til informasjonsmøte om konfirmasjon i kyrkjene på Bømlo i 2027.

Det blir informasjonsmøte desse tidspunkta:

Lykling kyrkje 17. mars kl. 18.00

Bømlo kyrkje 18. mars kl. 17.00

Bremnes kyrkje 18. mars kl. 18.00

Moster kyrkje 25. mars kl. 18.00

Her får de vita meir om konfirmantopplegget i kyrkja.

Korleis melder ein seg på til konfirmantåret?

Etter informasjonsmøtet melder ein seg på til konfirmasjon via kyrkja si nettside:

www.bomlo.kyrkja.no

Påmeldingsfrist 10. mai

Velkomen som konfirmant i kyrkjene på Bømlo!

Med venleg helsing sokneråda og dei tilsette i kyrkjene på Bømlo

Lurer du på noko, ta kontakt med oss:

Liv Merete Fylkesnes Pedersen

Kyrkjelydspedagog

99 54 34 51

liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no

Hildegunn Anddal

Kyrkjelydspedagog

41 47 78 70

hildegunn.andal@bomlo.kommune.no

Unn Silje Stølen

Kyrkjelydspedagog

92 86 54 87

unn.silje.stolen@bomlo.kommune.no

Aksel Lygre

Sokneprest

91 80 70 24

aksel.lygre@bomlo.kommune.no



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KIRKJA